

ALLE SKAL BLI HØYRT OG SETT

*Sandeid Ungdomslag fekk
100.000,- av Spirafondet*

*Navnet på damene er frå venstre:
Hilde Margrethe Owe, Jane Elin Owe
og Caroline Jaakkimainen*

SANDEID UNGDOMSLAG ER 110 ÅR

Det er 30 år sidan Sandeid Ungdomslag starta med vaksenteater, og stykket dette året heiter «Kjærleik, hat & rock ´n roll». Med 15 personar på scena og 15 bak er det mange i sving. Dei kjem frå store deler av Vindafjord og nokre frå Etne. Barneteater er også eit fast innslag før jul, med minst like mange engasjerte.

DET VAR NOK MYGG OGSÅ DET ÅRET UNGDOMSLAGET VART STIFTA

Men makan til mygg Sandeid Ungdomslag har nå hadde dei ikkje på den tida. 20 i talet. Myggane er trådlause mikrofonar som blir teipa fast på blide og raude kjakar, slik at dei som står på scena blir høyrde.



*Lyd og lysgutane er
frå venstre: William Veim
og Vegard Kambe*

At dei i salen ser alt og alle er også avgjerande. Gjerne med lys som forsterkar ein flørt, framhevar hovedpersonen og får fram kulissene når dei skal det.

Eg fekk eit tips om at Etne Sparebank, gjennom Spirafondet, hadde nokre pengar til «folkelige prosjekt» og søkte, seier Jostein Apeland. Me vart positivt overraska over at me fekk så mykje som 100.000,-, legg han til.

Det gjorde at me kunne kjøpa fleire myggar og fornya lyssettinga. Dette er betre for publikum, inspirerande for oss som arbeider

med dette, lettare å få folk med og eit løft på alle måtar. Alle som arbeider med stykket den kvelden Etne Sparebank er innom er tydeleg fornøgde.

Etne Sparebank er glade for all aktivitet i distriktet og for å kunna hjelpa til.

*Me skal også vera klare om
du ønskjer å vera kunde hjå
oss. Du skal også bli
høyrtd og sett.*



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

spirafondet.no